

Ot/ppt sin plan for førebyggande arbeid mot fråfall i vidaregående opplæring



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE




Førebygging på tre nivå

OT/PPT sin førebyggjande innsats har som mål å sikre ungdom utdanning og kompetanse slik at den enkelte har eit godt utgangspunkt for livslang læring, arbeid og deltaking i samfunnet.

I følgje E. Befring kan ein sjå på førebygging som ein ansvarleg heilheitleg pedagogikk som inneber aktiv handling og målretta tiltak (Tangen, 2009).

I pedagogisk samanheng arbeider OT/PPT førebyggjande på tre nivå :

1. Universell førebygging – alle ungdommar.
2. Selektiv førebygging – ungdommar i trulege risikogrupper.
3. Indisert førebygging - ungdom i høg risiko eller med kjende vanskar.



Målgruppe:

- Elevar i vidaregående opplæring
- Lærlingar og lærekandidatar med ungdomsrett
- Ungdom utanfor vidaregående opplæring i alderen 16-21 år med ungdomsrett

OT/PPT skal arbeide førebyggande for å sikre best mogleg gjennomføring av vidaregående opplæring, og for at ungdommar på annan måte får tilegne seg kunnskapar og kompetanse, slik at dei kan fungere i eit produktivt og skapande arbeidsliv. Målet er at ungdommane skal bli robuste nok til å handtere framtidige livsutfordringar.

Lovgrunnlag

OT/PPT sin førebyggande innsats er forankra i lov og regelverk , m.a.i lov om Folkehelse og Opplæringslova § 3-6 og § 5-6. I rundskriv Q-16/2013 Forebyggende innsats for barn og unge, blir dette konkretisert slik:

- Heile den fylkeskommunale organisasjonen er plikt til å ta omsyn til folkehelse i si verksemd, jamfør Lov om folkehelse.
- Den pedagogisk -psykologiske tenesta skal hjelpe skulane med kompetanse-utvikling og organisasjonsutvikling slik at opplæringa vert lagt betre til rette for elevar med særskilte behov. PPT skal utarbeide sakkunnige vurderingar der lova krev det.
- Den fylkeskommunale oppfølgingstenesta har eit ansvar for å følgje opp og gje tilbod til ungdom som har rett til opplæring, men som ikkje er i opplæring eller arbeid.

Godt førebyggande arbeid krev at OT/PPT bidreg til samordna innsats på tvers av fagområde og får til effektive samarbeidslinjer. I individssaker krev dette samtykke frå ungdommen.

OT/PPT sitt førebyggande arbeid:

1.0 Overgang frå grunnskule til vidaregående opplæring

1.1 Universell innsats

- Samarbeid og informasjon til ungdomsskulene og PPT i kommunane om vår verksemd.
- Sikre god informasjon om OT/PPT i overgangen til vidaregående opplæring.

1.2 Selektiv innsats

- Utveksling av informasjon frå ungdomsskulane og PPT i kommunane om overgang for elevar i utsette grupper, t.d. elevar med stort fråvær.
- Rådgiving ved innsøking slik at vi når rett målgruppe på tidlegast mogleg tidspunkt.
- Etablering av gode kontaktnett i høve samarbeid kring utsette grupper.

1.3 Indisert innsats

- Deltaking i overføringsmøter med grunnskulen i individssaker, rettleie ut av grunnskule og inn i vidaregående opplæring.
- Informere og rettleie grunnskulen, elev og føresette om fylkeskommunale retningslinjer og rutinar for sakshandaming på det spesialpedagogiske området.

2.0 I skule/utdanningsløp

2.1 universell innsats

- Bidra til kompetanseheving blant lærarar og skuleleiing om kvalitet i tilpassa opplæring, t.d læringsstrategiar, klasseleiing og klassemiljø gjennom kurs, rettleiing, eller arbeid i ressursteam
- Bidra til at skule og OT/PPT har gode interne samarbeidsrutinar
- Sikre god informasjon om tenesta på nett
- Sikre god informasjon om tenesta til skular, elevar og aktuelle samarbeidspartar
- Ha ein rådgjevande funksjon i forhold til skulane sitt systemarbeid med elevane sitt psykososiale skolemiljø (Opplæringslova § 9a)
- Ta ein aktiv rolle i skulane sine ressursteam
- Delta i implementering og gjennomføring av førebyggande program , t.d VIP

2.2 Selektiv innsats

- Bidra til at skulane har kompetanse om tilpassingar for elevar med ulike lærevanskar
- Bidra med kurs
- Tilby observasjon, rettleiing av personale og deltaking i skulen sitt spesial-pedagogiske arbeid
- Hjelpe skulane med å tolke kartleggingsresultat for å identifisere risikofaktorar tidleg og hindre at identifiserte problem utviklar seg vidare
- Bidra til at ressursteama har fokus på risikofaktorar som fråvær og låg måloppnåing, for tidleg å kunne identifisere elevar som står i fare for å droppe ut, og sette inn tiltak

2.3 Indisert innsats

- Ha godt og nært samarbeid med skulen og aktuelle hjelpeinstansar slik at vi kan rettleie ungdom mot rett tiltak til rett tid
- Bidra til at avklaringssamtaler vert halde etter gjeldande retninslinjer i fylkes-kommunen og at oppfølgingsavtaler vert fulgt opp
- Gjennomføre aktuell kartlegging for å vurdere ungdommen sitt hjelpebehov
- Sikre sakkunnig vurdering jf Opplæringslova og rettleie skulen i høve tilrådde tiltak

3.0 OT/PPT sitt førebyggande arbeid ved overgang til anna aktivitet, lære, arbeid og høgare utdanning

3.1 Universell innsats

- Bidra til at grunnskule og vidaregående skule har kompetanse om ulike praktiske opplæringsløp
- Sikre intern kompetanse i OT/PPT om ulike praktiske opplæringsløp
- Ha kompetanse om fagopplæringa sitt ansvars- og arbeidsfelt for å kunne rettleie samarbeidspartar og ungdom
- Aktivt samarbeid med fagopplæringskontoret

3.2 Selektiv innsats

- Deltar på avklaringsmøte så snart som mogeleg for elevar som vurderer å slutte undervegs i eit skuleår
- Samarbeide med skulen og fagopplæringskontoret for å sikre at elevar kjem seg over i lære, bidra med innsikt i dokumenterte utfordringar og rettleie om tilretteleggingsbehov i arbeid og lærebedrift
- Gi informasjon til aktuelle lærebedrifter saman med fagopplæringskontoret, og eventuelt saman med andre samarbeidspartar
- Følgje opp fylkeskommunen sin samarbeidsavtale med Nav for å sikre at ungdommen kjem over i aktivitet

3.3 Indisert innsats

- Skrive aktuelle sakkunnige uttalar
- Etablere ein god relasjon til aktuelle ungdommar for å kome i posisjon til å vere med og hjelpe dei over i lære, aktivitet/praksisplass, arbeid, høgare utdanning
- Delta på avklaringsmøte i bedrift etter førespurnad frå fagopplæringskontoret
- Bidra til at ungdommen får auka innsikt i eigne utfordringar og mogelegeheiter. Informere og rettleie ungdomen om relevante tiltak som kan redusere og hindre konsekvensar av vanskar som allereie er oppstått
- I samråd med ungdommen informere samarbeidspartar om vanskar og tilretteleggingsbehov
- Rettleie ungdom, fagopplæringskontoret, bedrift og Nav ved behov undervegs i eit lære- og arbeidsforhold
- Hjelpe ungdommar utanfor opplæring med å ta kontakt med aktuelle instansar for å få naudsynt hjelp
- Søkje ungdommen inn til ulike fylkeskommunale tiltak

Hordaland fylkeskommune gir vidaregåande opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir også opplæring til alle med særskilte behov.

Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gt 5
Postboks 7900
N-5020 BERGEN

Telefon: 55 23 90 00

www.hordaland.no

Kjelder:

- Tangen, R. Spesialpedagogikk, 2009
- Opplæringslova
- Lov om Folkehelse
- Rundskriv Q-16/2013, Forebyggende innsats for barn og unge

September 2014